

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.02.2011
Sakhandsamar: **Johnny Heggstad**
Saka gjeld: **Helse2020 Revidert strategi for helseregionen**

Arkivsak
2006/125/
Styresak 034/11 B

Styremøte 15.03. 2011

Forslag til vedtak

Styret for Helse Vest RHF sluttar seg til å sende forslaget til revidert strategi Helse2020 med tiltaksområde for perioden 2011-2015 på høyring til eksterne interessentar samt internt i føretaksgruppa.

Oppsummering

Prosjekt Revidering av Helse2020 har no levert forslag til revidert strategi med oppdaterte tiltaksområde for perioden 2011-2015.

Styret blir no bedne om å handtere strategiarbeidet i to omgangar. I dette møtet blir styret bedne om å godkjenne revideringa av Helse2020 som klar for formell høyring. Høyringa vil omfatte både dei eksterne interessentane samt våre eigne helseføretak, verksemdene i føretaksgruppa.

Den formelle høyringsrunden vil skje i perioden frå no, medio mars, til byrjinga av mai. Deretter vil ein samle alle høyringssvar og gje ei tilråding for desse inn i det endelege strategidokumentet. Endeleg revidert plan for Helse2020 blir så lagt fram for styret til endeleg godkjenning i styremøte i juni.

Fakta

Prosjekt Revidering av Helse2020 har no levert forslag til revidert strategi med oppdaterte tiltaksområde for perioden 2011-2015.

Utgangspunktet for strategiarbeidet har vore at Helse Vest i åra som kjem vil bli stilt overfor auka krav til eit godt og tilgjengeleg tenestetilbod, med rett kvalitet og god pasienttryggleik, og der vår evne til fagleg og organisatorisk vidareutvikling vert utfordra. Det er uttrykt at spesialisthelsetenesta ikkje kan forvente vesentleg økonomisk realvekst dei komande åra, og at innan helsesektoren vil primærhelsetenesta bli prioritert. Dei utfordringar og dei moglegheiter vi står overfor må vi difor i stor grad pårekne å måtte løyse innanfor eigne relativt stabile rammes.

Kommentarar

Både dei eksterne og dei interne utfordringane Helse Vest står overfor er i kontinuerleg endring. Dette stiller oss som føretaksgruppe overfor strategiske og operasjonelle vegval som må tydeleggjerast og prioriterast. Samtidig meiner vi å ha eit godt utgangspunkt frå arbeidet med utarbeidinga av Helse2020 i 2007. Visjonen, verdiane og våre overordna mål står ved lag. Grunnlagsdokumenta er heller ikkje laga på nytt, men reviderte i tråd med dagens utfordringsbilete. Målet har vore å sikre at planane framleis er relevante og fagleg oppdaterte, og dekkar dei viktige utfordringane og moglegheitene Helse Vest står overfor.

I prosessen for revideringa er det gjennomført konferansar i dei fire HF-områda med interne og eksterne interessentar. Konferansane har samla frå ca 70 til ca 100 deltakar med god blanding av representasjon internt og eksternt og med breidde både politisk, fagleg og i forhold til brukarane. Samlingane har gitt oss gode innspel både til sjølve strategien og korleis vi kan gjennomføre denne, inkludert korleis vi saman også kan tilnærme oss meir konkret arbeid med samhandlingsreforma.

Internt er det gjennomført fleire forankringsmøte med alle leiargruppene i føretaksgruppa. Dette har vore nyttige og gode møte i forhold til prosess, det har gitt gode innspel og skapt eigarskap til strategien, og vi har samtidig understreka avhengigheita av leiinga i kvart HF for å nå ut i organisasjonen.

Konklusjon

Styret blir no bedne om å handtere strategiarbeidet i to omgangar. I dette møtet blir styret bedne om å godkjenne revideringa av Helse2020 som klar for formell høyring. Høyringa vil omfatte både dei eksterne interessentane samt våre eigne helseføretak, verksemdene i føretaksgruppa.

Den formelle høyringsrunden vil skje i perioden frå no, medio mars, til byrjinga av mai. Deretter vil ein samle alle høyringssvar og gje ei tilråding for desse inn i det endelege strategidokumentet. Endeleg revidert plan for Helse2020 blir så lagt fram for styret til endeleg godkjenning i styremøte i juni.

Vedlegg: Revidert Helse 2020 Strategi for helseregionen – Visjon og mål, Strategi og handlingsplan